

BOTOLV HELLELAND

STADNAMNA

– EI SOGE OM MENNESKET OG MILJØET



Norheimsund – tettstaden som har vakse fram ved det tronge sundet – ligg på motsett side av garden Norheim. Bilete frå hundreårsskiftet.

GARDEN VED DET TRONGE SUNDET

Legg du vegen om Norheimsund, gjennom Hardanger, vil du leggja merke til det smale sundet når du køyrer over brua der sjøvatnet strøyer inn og ut or Movatnet. På den austlege sida av sundet ligg garden Norheim, i dag inneklemd mellom mange nye bus. At sisteleddet – sund viser til dette sundet, kan vi lett tenkja oss. Norheimsund er såleis eit namn som er lett å forstå – tilsynelatande. Det du gjerne ikkje visste, er at også Nor tyder (trongt) sund! Dette ordet finn vi i fleire stadnamn, som t.d. Norefjell og Noresund austafjells. Namnet har altså ikkje noko med retningsordet «nord» å gjera. Norheimsund blir to gonger sund. Opphavleg har det vore ein busetnad her (gno. (h)eimr) som, truleg alt for 1500 år sidan, vart kalla Norheim; «garden ved det tronge sundet».

Også namnet på kommunen, Kvam, er eit gammalt namn.

Det tyder ein kort, vid dal, og det er vel ikkje vanskeleg å sjå at det må vera Steinsdalen, dalen innanfor Norheim og Movatnet, som har gjeve namn til bygda.

LANDSKAP OG NAMN

Når vi reiser gjennom det vest-norske landskapet, er det gjerne naturen med sine mektige og mangfaldige former som først fangar auga. Det er også lett å oppdaga dei mange kulturspora som fortel om korleis menneska i dette landskapet har levd og lever: åker og eng, busetnad, bygningar og anlegg. Men det er ei anna viktig side ved kulturhistoria som ikkje kan lesast direkte or den fysiske omgjevnaden, men som i like stor grad fortel om det menneskeskapt miljøet. Det er stadnamna. Alle landskap som menneska har utnytta, har sine stadnamn, synlege og usynlege på same tid. Synlege fordi dei ofte knyter seg til karakteristiske formasjonar og punkt, usynlege fordi dei ikkje står skrivne i klartekst på nutar og nes. Stadnamna er ein



Åsane – ingen treng vera i tvil om kva dette namnet tyder.

slags kulturhistorisk spegel som reflekterer det mangslunne vekselspillet mellom menneske og natur gjennom tidene. Dei fortel om rydning og busetnad, om husdyrhald og åkerdrift, om jakt, fiske, handel og andre sosiale tilhøve. Stadnamna er kort sagt ei soge om menneska i samspel med naturen.

KORLEIS HAR
STADNAMNA VORTE TIL?


Medan mange nye stadnamn i dag er resultat av ei medviten namngjeving, har den store mengda av tradisjonelle stadnamn vakse fram så å seia av seg sjølv. Eit språkleg uttrykk som karakteriserte tilhøva på staden på ei eller anna vis, vart etter kvart ei fast nemning – eit namn på staden. Eit område med mange årar vart kanskje heitande *Åsane*. Ein ås med mykje lind kunne verta heitande *Lindås* (men ikkje alle årar der det veks lind, heiter «Lindås»!). Ei vik eller ei hamn der ein Gjermund budde ein gong, kunne få namnet *Gjermundshamn*. Når eit slikt språkleg uttrykk var innarbeidd som namn, trong ikkje namnebrukarane tenkja over kva «tyding» det hadde. Namna hadde – og har – først og fremst funksjon som ein referanse eller ei adresse til ein viss stad. Dei fleste veit at *Øystese* er ei bygd i Kvam i Hordaland, men ingen har kunna gje noka sikker forklaring på kva namnet tyder. Vi veit berre at siste-

leddet er ei forkorting av det utdøyddet ordet *vin* «naturleg eng». Ikkje ein gong gjennomskiktige namn som *Odda* og *Leirvik* vert automatisk sette i samband med «odde» eller «vik med leirbotn».

SPRÅKLEG MANGFALD

Kor mange stadnamn som finst i Hordaland, er vanskeleg å avgjera. Dersom vi reknar med eit gjennomsnitt på 75 namn for kvar matrikelgard, vil det til saman for dei 3500 gardane i fylket verta godt over 250 000. Då tek ein med stort og smått av namn på innmark og utmark og alle slags naturformasjonar frå fjell til fjøre. Storparten av desse namna er likevel ikkje i levande bruk i dag. Endringane i driftsmåte og busetnad har ført til at mange stadnamn i beste fall kviler i minnet til den eldste generasjonen – om dei ikkje er gløynde for alltid. I 1930–40-åra samla skuleborn inn ei mengd stadnamn rundt om i landet og berga på den måten mykje frå gløymsla. I seinare år er dette innsamlingsarbeidet ført vidare ved hjelp av moderne kart og intervjuetodar. Stadnamna i eit område viser eit utruleg språkleg mangfald. Storparten av namna inneheld eit nemne (grunnord) som fortel om tilhøva på staden. Såleis kan vi møta høgdenemne som *fjell*, *haug*, *horg*, *nip*, *nipe*, *nut*, *ås*, t.d. *Lønahorgi*, *Arnanipa*, *Dyranuten*, kulturnemne som *bø*, *gard*, *gjerd(e)*, *kvile*, *stig*, t.d. *Storebø*, *Damsgård*,

Segelgjerd og samanlikningsnemne som *kiste*, *nos*, *okse*, *stakk*, t.d. *Raudnos*, *Oksen*, *Løvtakken*. Til saman finst det fleire hundre ulike terrengnemne og samanlikningsnemne som er nytta i stadnamna i fylket.



Drageidkanalen ved eidet mellom Henangervatnet og Skogseidvatnet. Namnet er enkelt å forstå når ein kjenner samferdsla i eldre tid. Her drog dei båtane over det smale eidet mellom vatna. Kanalen vart bygd i 1887 (@244).



Melderskin, det majestetiske fjellet som reiser seg høgt over Rosendal, har fått namn etter snøen og sola: «Fjellet som skin».

Dei fleste namna er samansette, og vi vil sjå at ordtilfanget i føreleddet vekslar i endå større grad enn i etterleddet. Nær sagt alle omkverve og førestellingar kan få uttrykk i stadnamna, både av naturgjevne og menneskeskapte tilhøve. Landskapsformer, jordbruk, fehold, fiske, fangst, handel, industri og samferdsle vert spegla av i namna, som t.d. *eid* i *Eidfjord*, *older* (or) i *Ålvik*, *alm* i *Alsåker*, *kalv* i *Kalvøyna*, *falkefangst* i *Falkafangarnuten*, *far(a)* i *Fadnes* (eldre *Farnes*), *skute* i *Skutevik*.

DEI ELDESTE STADNAMNA

Dei stadnamna vi har i dag, har vorte til gjennom eit langt tidsrom. Oftast er det vanskeleg å seia kor gamle dei einskilde namna er. Men ut frå visse språklege og faktiske tilhøve kan ein del av dei tidfestast omtrentleg. Vi reknar med at ikkje så få kan forast attende til byrjinga av vår tidsrekning. Somme har kanskje rot heilt attende i bronsealderen – til tusenåret for Kr.f. Med den spreidde busetnaden den gong kunne berre namna på dei mest

kjende lokalitetane haldast oppe i lengre tid, og då helst namn på større øyar, fjordar, vassdrag og fjell. Det er såleis rimeleg at øynamn som *Bømlo*, *Stord*, *Sotra*, *Huglo* høyrer med til denne eldste gruppa. Desse øyane har lege sentralt til i segleia og har hatt godt grunnlag i fiske og fangst for tidleg busetnad. Også formelt peikar slike avleidde namn mot eit tidleg språksteg. Særleg perspektivrikt er eit namn som *Arna*, opphavleg truleg elvenamn med grunntydninga 'strøyma' – i så fall kan det vera språkleg i slekt med det italienske elvenamnet *Arno*!

FÅ STADNAMNA FLOKKVIS I TALE ...

Namnegranskarane er nok opptekne av å tolka stadnamna einskildvis, særleg slike som er språkleg interessante, men materialet vil gje større kulturhistorisk innsikt om ein får namna flokkvis i tale, dvs. om ein innanfor eit område ordnar dei i grupper etter språklege og funksjonelle kjennemerke. Vi skal sjå på nokre slike grupper.

BUSETNAD OG RYDJING

Landet har vorte busett gradvis. For busetnadshistoria har vi visse haldepunkt i dei store gardsnamnklassane på *-vin*, *-(h)heim*, *-stad*, *-land*, *-bø*, *-åker*, *-set(e)*, *-tveit* (©430).

Nammeleddet *-vin*, «naturleg eng», finst i ca. 100 namn i fylket. Desse namna kan ein vorte til gjennom heile det første tusenåret e.Kr. Truleg kan vi setja tyngda av dei til 300–600-talet. Til *vin*-gruppa høyrer kjende namn som *Bergen*, ei

nedertysk form av det eldre *Björgvin*, gno. *bjorg* «berg(rekkje)» (©252), og *Øystese* (sjå ovanfor). Nammeleddet *-vin* synest ha gått or bruk som levande nemne alt i gno. tid. I stadnamna førekjem ordet no ofte i ei sterkt nedsliten form, t.d. *Kinne* av eldre *Kinn-vin* (om kinn sjå *Kinsarvik* ©358). Oftast endar dei på *-e* (æ), men når førsteleddet er eit einstava ord på vokal, vert n ståande, t.d. *Bryn* av eldre *Brú-vin*. Mange *vin*-namn, slik som *Bryn*, har fått omlyd. Det heng saman med at både v og i i *vin* fører til omlyd av den opphavlege vokalen i førsteleddet, t.d. *Sondve* av eldre *Sand-vin* (v-omlyd) og *Væte* av eldre *Vátvin* (i-omlyd). Den siste er eldst og skriv seg frå før gammalnorsk tid. På RV. 13 frå Steinabergbrui til *Kinsarvik* kjem vi framom fem *vin*-namn: *Sandvin*, *Espe* av *Osp-vin*, *Sekse* av *Sax-vin* (etter ei elv som har vore samanlikna med ei saks), *Børve* (same opphav som *Bergen*), *Røte* av *Rót-vin*. Eit anna kjent *vin*-namn er *Granvin* – her er den eldre lokale uttalen *Graven*. Flest *vin*-namn har Voss med om lag halvdel av *vin*-namna i fylket.

Gamle namn på *-(h)heim* «liggjestad, bustad» finst det òg ca. 100 av, fordelt over heile fylket, t.d. i soknenamna *Austrheim*, *Seim* og *Solheim* i Nordhordland, *Grindheim* og *Onarheim* i Sunnhordland, *Oppheim* på Voss. *Grind*-heng truleg saman med grande «grusbanke». *Onarheim* kan innehalda ei avlagd ordform *ón* «jordstykke». Av namn på *-stad*, gno. staðir «(bu)stad», kan nemnast *Årstad* i Bergen og *Mongstad* i Lindås. Det første inneheld truleg det gamle namnet på *Ulriken*, gno. *Alrekr* «den ruvande». Førsteleddet i *Mongstad* er personnamnet *Magnus*, av latin *magnus* «stor». Av dei 320 gamle namna på *-land* «jordstykke, land(område)» reknar vi med at ein stor del skriv seg frå folkevandringstida. Her kan vi nemna *Byrkjeland*, av eldre birki «veksestad for bjørk», og *Eske-land*, av eldre *-eski* «veksestad for ask». Førsteleddet i *Hordaland* inneheld folkenamnet *hordar*, som kan omsetjast med «krigarfolket». Ein reknar med at same folkegruppa har sett spor etter seg i *Hardssysel* i Danmark. *-land*-namna var særleg produktive i folkevandringstida (©32).


Andre nammeledd som fortel om busetnad, er *-bø* «gard» (ca. 30), t.d. *Sæbø* i Nordhordland og *Eidfjord*, og *-åker* (ca. 20), t.d. *Åkra* i Sunnhordland, *-set* «bustad, sæter», t.d. *Maurset*. Både desse og det meir utbreidde *-tveit* «(flat) rydning, jordstykke» (ca. 130), ofte brukt usamansett i forma *Tveit(e)* o.l., har hovudsakleg vorte til i vikingtida og hundreåra frametter.

Gjennomgåande yngre er namn på *-gjerde*, *-trod/-træ(d)* «tiltrakka plass», *-grind*, *-hage*,

-jord o.fl. Gardsnamn på *-støl* eller *-sæter* tyder ofte på at ein tidlegare støl har vorte teken i bruk til fast bustad. Gardar med namn frå desse siste gruppene ligg gjerne i utkanten av den gamle busetnaden, i motsetnad til dei meir sentrale *vin*-, *(h)heim*-

og *bø*-namna. Namn på *-land* og *-stad* ligg òg relativt sentralt.

Usamansette gardsnamn av opphavlege naturnamn i ubunden form, ofte i dativform, som *Dale*, eller i fleirtalsform som *Fitjar*, til *fit* «fuktig, lågtliggjande eng» er



Faksimile av *Björgynjar Kalfskinn* (Bergens Kalvskinn; ei jordebok frå mellomalderen skriven på kalveskinn). Her finn vi til domes ein gard i nærleiken av *Birkeland kyrkje* i *Fana* omtala som «i nedra Tuni» (Nesttun).

Nedanfor: *Odin*, *Tor* og *Froy* framstilte på eit svensk biletteppe frå 1100-talet.

Stadnamn som byggjer på gamle gudenamn er ein fellesskandinavisk kultur.

Til venstre den einoygde *Odin*, i midten *Tor* med hammaren og til høgre *Froy*, guden for grøderikdom, som held på eit kornaks.



Ulriken er truleg ei omlaging av eldre *Alrekr* «den ruvande, som rekk høgt». Dette namnet ligg og til grunn for førsteleddet i bydelnamnet «*Årstad*» (©253).

det vanskelegare å plassera i ein namne-kronologi, men dei høyrer stort sett med til eit eldre namnelag. Det gjeld mange samansette namn i ubunden form òg, som *Jondal* (med usikker tyding), *Vaksdal* (førsteleddet er våg) og det meir gjennomsluktige *Lindås*. Usamansette og samansette namn i bunden form, særleg av vanlege ord som i *Klypet* (om innsnevra lende), *Almelia*, *Humlegarden* (åker der dei dyrka humle), har hovudsakleg kome til i dei siste par hundreåra. Eit sikkert kriterium for ei bakre aldersgrense har vi i namn som knyter seg til kristendomen. Såleis må namnet *Kirkhus* ved Gjer-mundshamn skriva seg frå etter år 1000 då kristendomen vart innført i landet. På den andre sida må ein rekna med at namn med førkristne gudenamn som *Ullensvang* og *Frøyenes* må vera monaleg eldre enn år 1000. Mange gardsnamn førekjem i diplom og jordebøker frå mellomalderen. Dette gjev ei sikker grense for kor gammalt namnet minst må vera. Særleg er den kyrkjelege jordeboka Bergens kalvskinn frå ca. 1360 eit viktig dokument for gardsnamna i fylket. Her finn ein t.d. *Nesttun* skriva «i nedra Tuni». Om ein ikkje visste kva namnet tydde før, ser ein det av denne skrivemåten.

HUNDVÅKO – «DEN FISKERIKE»

Langs kysten, innover i fjordane og opp langs vassdraga finst det ei mengd stad-

namn som viser til fiske eller til førekomst av fisk, t.d. *Notneset*, *Seigrunnen* og det meir kjende *Laksevåg*. Det merkelege namnet *Hundvåko* i Austevoll vert tolka som «den fiskerike». Etterleddet meiner ein heng saman med å *vaka* (om fisk), medan føreleddet synest innehalda eit forsterkande ord *hundmargir* «svært mange». Øynamnet *Sild* har ikkje noko med fiske-slaget å gjera, men er i slekt med *sel*. Meir direkte er dette dyrenamnet representert i *Seløyna* i Øyngarden. Det er likevel vanskeleg å avgjera om namn på Sel-, Bjørn-, Ulv-, Oter-, Rein-, Hjort-, Hauk- eller Ørn- viser til fangst eller berre til førekomst av desse dyre- og fugleslaga. Oftast må ein rekna med det siste. Dei fleire hundre stadnamna med ord for bjørn i Hordaland vitnar såleis helst om at bjørnen har vore på ferde. Somme stadnamn som inneheld dyrenamn, kan ha opphav i ei samanlikning med dyret eller delar av det, t.d. *Bjørnaskallen*, *Bjørnatrynet*.

HUSDYRHOLD OG JORDBRUK

Naturleg nok vil det vera ei særleg stor gruppe av stadnamn som fortel om jordbruk og husdyrhald. Føresetnaden for desse aktivitetane har vore ein mangesidig bruk av det kringliggjande landskapet. Rydding og dyrking, førsanking, beiting, stoling, skogsdrift, urte-/bærsanking o.a. har vore knytt til ulike lokalitetar som av praktiske grunnar har fått egne namn.

Mange av stadnamna er direkte vitnemål om desse aktivitetane, ikkje minst dei store bustadnamngruppene vi har vore inne på ovanfor. Hit høyrer òg *Rødna* «rydningen», *Havrå*, jf. gno. *hafr* «bukke», *Lambadalen*, *Tømmerneset*.


EIN KVILESTAD PÅ VEGEN

Ein føresetnad for økonomisk vekst i lokalsamfunna har vore varehandel og kontakt med verda omkring. Mellom dei ulike bygdene har det frå gammalt funnest ferdsluleier, både til lands og til sjøs. Somme punkt langs desse leiene kan lesast or stadnamna, t.d. *Knarrvik*, jf. gno. *knorr* «stort handelsskip», *Steinestø*, til (*båt*)*stø*. Om kvilestad for ferdafolk fortel *Salhus*, gno. *sáluhús* «herberge», og bygdenamnet *Evanger*, jf. gno. *áivangr* «kvilestad med hestebeite», i bygdemålet uttala «ævånga». At *Evanger* har lege ved ei viktig ferdslulei, syner òg gardsnamnet *Kvilekvål*. Den vestnorske forma *kvål* «frittstående høgd» er språkleg i slekt med namn som *Hol* og *Hole* i Buskerud.

GAMLE GUDENAMN

Mellom stadnamna som fortel om tru og tenkjemåte, utgjer dei førkristne kultnamna ei særleg viktig gruppe, t.d. *Ullensvang* og *Frøyenes* i Ullensvang, *Ulland*, *Frøland* og *Totland* i Samnanger (®249). Desse vert sette i samband med gudenamna *Ull(in)*, *Frøya* og *Tor*. Av slike namn finst det ei rekkje rundt om i fylket. *Hovland*, samansett med *hov* «heidensk offerstad» førekjem heile 7 gonger. Namn som viser til tussar og troll, t.d. *Gygrastolen*, *Tussafoten* og *Jøtulen* har nok oftast vorte til etter kristendomen var innført, til dels i seinare hundreår. Somme namn viser at folk også i eldre tid var opptekne av å møtast til leik og gaman, t.d. *Lekven*, *Lekve* (båe samansette med *leik* og *vin*) og *Leikvoll*. Ein fritidsaktivitet som må ha vore populær lenge før Rikstoto oppstod, var kappriding eller kappkøyring. Desse aktivitetane føregjekk ofte på stader dei kalla *skeid*, og dette ordet førekjem i ikkje så få stadnamn, t.d. *Skeide*, *Hallingskeid*.

Desse døma viser berre litt av fasettane i den kulturhistoriske spegelen som stadnamna utgjer. Alvor og fest går hand i hand – det kan ein lesa av *Skredbakkane*, *Gråten*, *Likhella*, *Brurastolen*, som alle har sine soger bak seg. Men ofte lyt ein grava djupt for å finna forklaringa. *Bryllåm* i Etne kan lett føra tanken på avvegjar om ein ikkje veit at den gammalnorske forma er *Brennlangr* «den langvorne brende teigen». □



Terrassane i Eidfjord mellom vatnet og bakgrunnen og fjorden i framgrunnen er gammal sjøbotn danna av lausmateriale frå brecelvar. Då landet heva seg, laga det seg eit eid mellom vatnet og sjøen. Eidet er delt i to av elva Eido, t.v. Hæreid «det høgare eidet», og t.h. Læg Reid «det lågare eidet». I mellomalderen fanst òg fleirtalsnamnet Eiðar.